



SELJE KOMMUNE
Eldrerådet

Møtebok

Møtedato: 13.03.2013

Møtetid: Kl. 13:00 – 15:00

Møtested: Kommunehuset, 2. etg.

Saksnr.: 001/13 - 006/13

Følgjande medlemmer møtte

Johan Kroken, Mathias Drage, Gunnhild Solheim, Helga Swensen.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

Svein Hansen.

Følgjande varamedlemmer møtte

Vara var kalla inn, men kunne ikkje møte.

Følgjande frå administrasjonen møtte

Rådgevar Svein Barmen, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

4 voterande.

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
001/13	Godkjenning av møtebok
002/13	Referatsaker
003/13	Retningslinjer - Testamentariske midlar
004/13	Årsmelding 2012 - Eldrerådet
005/13	Den kulturelle spaserstokken 2012 - Rapport
006/13	Den kulturelle spaserstokken 2013 - Fordeling

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	13.03.2013	001/13

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 13/249
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 26.11.12 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Eldrerådet - 13.03.2013

4 voterande.

ELD-001/13 VEDTAK

Møteboka frå møte 26.11.12 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	13.03.2013	002/13

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 13/248
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	12/5585	I	29.11.2012	Kulturdepartementet	Statstilskot 2012

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Eldrerådet - 13.03.2013

4 voterande.

ELD-002/13 VEDTAK

Referat 1. Teke til vitande.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	13.03.2013	003/13
Kommunestyret	20.03.2013	012/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åse Elin Hole	FE-087	12/1149

Retningslinjer - Testamentariske midlar

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.12.2012	Retningslinjer for gåver	40904
07.12.2012	Testamente Anne Dorthe Aslaksen	40905

Saka gjeld

Evaluering av retningslinjer for disponering av gåver til Seljetunet omsorg og rehabilitering (sjukeheimen), eldretuna og omsorgsbustadane i kommunen.

Opplysningar til saka

I samband med Kommunestyrevedtak sak PS 051/05, vart det vedteke retningslinjer for disponering av gåver frå innbyggjarane i kommunen eller frå pårørande. Ei testamentarisk gåve gav premissar for korleis midlane skulle disponerast og kven som skulle disponere dei. Tidlegare saksutgreiing har utvida det til å gjelde alle typar gåver og donasjonar.

Samansetjing av styringsgruppa har vore slik:

- Representant for bebuarar ved Stadlandet eldretun, Flatraket eldretun, Selje eldretun
- Pårøranderrepresentant for pasientar ved Seljetunet omsorg og rehabilitering,
- Pårøranderrepresentant for brukarane i omsorgsbustadane,
- Representant for tilsette i pleie og omsorg,
- Leiar i eldrerådet
- Pleie og omsorgsleiar, leiar og sekretær

Styringsgruppa hadde sitt fyrste møte 13.10.2005, der ein gjekk igjennom retningslinjer og testamentet, laga møteplan og handsama innkomne søknader. Planen var å kunne ha møter 2

gongar i året. Det viste seg av ulike grunnar at det skulle bli vanskeleg å samle gruppa til felles møter.

Seljetunet, Tryggleiksavdelinga, Selje eldretun og "Bingogruppa" ved Selje eldretun har vore dei som har søkt om midlar frå fondet.

Søknadane har vore knytt til tilstellingar som turar og festar i samband meg høgtider og midtsommar, musikk, teater og noko innkjøp av utstyr.

I 2006 kom det inn ein søknad frå eldrerådet om ein større sum til innkjøp av utstyr til Seljetunet; som frisørstol, musikkanlegg, songbøker og TV. Dette vart innvilga av styringsgruppa. Seinare har ein innvilga søknadar til innkjøp av elektrisk piano og utstyr til treningsrom. Dette har vore til stor glede og nytt for både pasientar, tilsette og pårørande.

Kommunalsjef er den som har motteke søknader og tildelt midlar i tråd med testamentet sine retningslinjer. Mynda vart tildelt leiar av gruppa i eit møte 16.06.2006. Leiar kunne tildele midlar etter skriftleg søknad med inntil kr 5000,- Dette vart gjort for å unngå for lang sakshandsamingstid. Leiar kunne ringe til av dei andre medlemmane for råd i konkrete saker. Ved gjennomgang av rekneskap viser det seg at tildelte midlar pr. år utgjer om lag kr 23 000,- I hovudsak har midlar vore tildelt Seljetunet omsorg og rehabilitering og Selje eldretun. Seljetunet og Selje eldretun er dei som er omtalt i testamentet som kan nytte seg av fondet.

Gruppa skal skiftast ut ved kvart kommuneval.

Lover/regelverk

Sakshandsamar si vurdering

Erfaring syner at det har vore svært ressurskrevjande å kalle gruppa inn kvar gong det skal handsamast ein søknad. Der er i dag for mange personar som er medlem i gruppa til at den kan vere effektiv. Tal medlemmar bør reduserast og ein bør vurdere kven som skal vere representar med tanke på stilling og funksjon.

Konklusjon

Ein reduserer tall medlemmar til 3 personar.

Tenesteleiar for open omsorg, tenesteleiar for Seljetunet omsorg og rehabilitering og leiar for eldrerådet.

Saksgang

Til uttale i Eldrerådet. Kommunestyre gjer endeleg vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ein reduserer tall medlemmar til 3 personar.

Tenesteleiar for open omsorg, tenesteleiar for Seljetunet omsorg og rehabilitering og leiar for eldrerådet

Handsaming i Eldrerådet - 13.03.2013

4 voterande.

Framlegg til uttale frå Eldrerådet:

Som tilrådinga frå administrasjonen med fylgjande tillegg:

- 1.Retningslinjene i sak PS 051/05 pkt. 2 og 3 vert endra tilsvarende.
- 2.Leiar for Open omsorg vert leiar for styringsgruppa og får tilvisingsrett.
- 3.Overskrifta vert endra til:
Retningslinjer for disponering av testamentariske gåver for Selje sjukeheim, eldretuna og omsorgsbustadane i kommunen.
- 4.Retningslinjene vert oppdaterte.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster

Framlegg frå Eldrerådet fekk 4 røyster. Samrøystes.

ELD-003/13 UTTALE

Som tilrådinga frå administrasjonen med fylgjande tillegg:

- 1.Retningslinjene i sak PS 051/05 pkt. 2 og 3 vert endra tilsvarende.
- 2.Leiar for Open omsorg vert leiar for styringsgruppa og får tilvisingsrett.
- 3.Overskrifta vert endra til:
Retningslinjer for disponering av testamentariske gåver for Selje sjukeheim, eldretuna og omsorgsbustadane i kommunen.
- 4.Retningslinjene vert oppdaterte.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	13.03.2013	004/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Unni Eltvik Hovden	FE-210	12/529

Årsmelding 2012 - Eldrerådet

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.03.2013	Årsmelding ELD 2012.pdf	43579

Saka gjeld

Eldrerådet si årsmelding for 2012

Opplysningar til saka

Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret som eiga sak.

Lover/regelverk

Reglement for Eldrerådet i Selje

Sakshandsamar si vurdering

Årsmeldinga gjev eit bilete over ovesikten i Rådet i 2012

Konklusjon

Årsmeldinga kan vedtakast slik den ligg føre

Saksgang

Eldrerådet gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Årsmeldinga vert vedteken slik den ligg føre.

Handsaming i Eldrerådet - 13.03.2013

4 voterande.

Framlegg til fylgjande endringar i årsmelding:

Årsmelding for 2012

Vedtak sak ELD 004/13

Grunnlag. Rådet sine vedtekter:

Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret som eiga sak.

Pkt.2

Eldrerådet har halde 8 møter og handsama 31 saker.

Spesielt vil ein nemne arbeidet med at Eldrerådet sin uttalerett vert reell, m.a i høve til budsjettarbeidet i kommunen

Eldrerådet har forvalta midlane til den "Kulturelle spaserstokken". Eigen rapport.

Eldrerådet er representert i prosjektgruppa for «Helse- og omsorgsplan».

Røysting:

Framlegg til endringar i årsmelding for 2012 vart samrøystes vedteke.

ELD-004/13 VEDTAK

Årsmeldinga med endringar vert vedteken slik den ligg føre.

Samrøystes.

Utskrift til:

Kommunestyret



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	13.03.2013	005/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FA-C00	12/492

Den kulturelle spaserstokken 2012 - Rapport

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.03.2013	Rapport spaserstokk 2012.pdf	43611

Saka gjeld

Kommunen sin rapport om bruk av den Kulturelle Spaserstokken for 2012

Opplysningar til saka

Kommunen var tildelt 35 000kr i 2011 til bruk i 2012 i tilskot til den Kulturelle spaserstokken. Oppsettet i vedlegget syner korleis midlane har vore brukte. Utbetaling i samsvar med vedtak i Eldrerådet

Lover/regelverk

Tildelingsbrev

Finansiering

Sakshandsamar si vurdering

Oppstillinga syner korleis midlane har vore nytta

Saksgang

Elderådet gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Eldrerådet rapporterer bruk av den Kulturelle Spaserstokken 2012 som i vedlegget til saka

Handsaming i Eldrerådet - 13.03.2013

4 voterande.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

ELD-005/13 VEDTAK

Eldrerådet rapporterer bruk av den Kulturelle Spaserstokken 2012 som i vedlegget til saka Samrøystes.

Utskrift til:

Det Kgl. Kulturdep.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	13.03.2013	006/13

Sakshandsamar Svein Barmen	Arkiv FA-C00	Arkivsak 13/173
-------------------------------	-----------------	--------------------

Den kulturelle spaserstokken 2013 - Fordeling

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	19.02.2013	Selje Seniordans	Søknad om tilskot

Saka gjeld

Foreling av midlar til den Kulturelle Spaserstokken 2013

Opplysningar til saka

Selje kommune fekk tildelt 35 000 kr til den Kulturelle spaserstokken til bruk i 2013. På grunn av overforbruk i 2011 og 2012 står det 28 062 kr på fondet. For å rette opp dette, må fordelinga avspeglast i tildelinga.

Søknaden var slik:

Selje kommune					Sum
Tiltak nr	1	2	3	4	
Lokal arrangør	Selje pensjonistlag	Selje pensjonistlag	Stad pensjonistlag	Selja seniordans	
Tema	Musikk/ dans/ folkeopplysning	Førjulskveld	Adventmøte	Opera Nordfjord	
Tal arrangement	2	1	1	1	5
Tid for arrangementet	vår 2013	Des 2013	Des 2013	Nov 2013	
Forventa tal deltakarar	100	100	95	40	335
Bruttobudsjett	32 700	37 200	39 000	32 000	140900
Eigenandel	7 500	12 200	19 000	8 000	46700
Søknadsum	25 200	25 000	20 000	24 000	94200

Selja Seniordans søker om å få dekke underskot på kr 7835.- på lokalt arrangement i staden for besøk på Opera Nordfjord i desember 2012

Lover/regelverk

Tildelingsbrev

Finansiering

Bruk av bundne fond

Sakshandsamar si vurdering

Det er stort sprik mellom søknadane og tilgjengelege midlar. Eldrerådet kan velje mellom å tildele til berre eitt arrangement eller å dele ut prosentvis etter søknadssum. Det siste har vore gjort tidlegare, og arrangørane har godteke dette

Konklusjon

Tilskotet kan fordelast slik:

Selje Pensjonistlag Musikk, dans Folkeopplysning 7 280 kr 27%

Selje Pensjonistlag Førjulskveld 7 280 kr 27%

Stad pensjonistlag Adventmøte 5 880kr 21%

Selja seniordans Opera Nordfjord 7 000 25%

Det vert ikkje ytt tilskot Selja seniordans sitt lokale arrangement desember 2012

Saksgang

Elderådet gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Tilskotet til den kulturelle spaserstokken for 2013 ver fordelt slik:

Selje Pensjonistlag Musikk, dans Folkeopplysning 7 280 kr 27%

Selje Pensjonistlag Førjulskveld 7 280 kr 27%

Stad pensjonistlag Adventmøte 5 880kr 21%

Selja seniordans Opera Nordfjord 7 000 25%

Det vert ikkje ytt tilskot Selja seniordans sitt lokale arrangement desember 2012

Handsaming i Eldrerådet - 13.03.2013

4 voterande.

Framlegg frå Eldrerådet:

Som tilrådinga frå administrasjonen med fylgjande tillegg:

Selje pensjonistlag sitt arrangement vert bytta om til Eldredagen i oktober 2013.03.

Røysting:

Framlegg frå Eldrerådet vart samrøystes vedteke.

ELD-006/13 VEDTAK

Tilskotet til den kulturelle spaserstokken for 2013 ver fordelt slik:

Selje pensjonistlag Eldredagen 7 280 kr 27%

Selje pensjonistlag Førjulskveld 7 280 kr 27%

Stad pensjonistlag Adventmøte 5 880kr 21%

Selja seniordans Opera Nordfjord 7 000 25%

Det vert ikkje ytt tilskot Selja seniordans sitt lokale arrangement desember 2012

Samrøystes.

Utskrift til:

Selje Pensjonistlag

Stad Pensjonistlag

Selja Seniordans

